

Loppemarknad kvart år, 25.000 i brutto

26.02.2011



Lions-trio som var glade for suksessen: Kjell Borge Olsen, Giovanni Rebaudo og Agnar Melkersen.

**Loppemarknaden til Kvinnherad Lions i Aktivitetshuset i dag vart ein stor suksess, med eit bruttoresultat på rundt rekna 25.000 kroner og 16.000 i netto. Det var eit frammøte som leiinga ikkje drøymde om på ein dag med vinterferie og VM i TV.**



Truleg var det 200 i salen like etter opninga

Dei er svært godt fornøgde sjølv om totalsummen ikkje er rein netto. Arrangørane har også hatt nokre kostnader, mellom anna til leige av hallen. Nettosummen blir delt både på internasjonale, nasjonale og lokale tiltak men fordelinga er ikkje klar førebels.



Kasserarane hadde nok å gjera. Knut Langeseter og Leif Guddal hadde den jobben.

150 stod i kø då dørane opna klokka 11 og det var rundt 200 i salen frå starten. Dette arrangementet blir årvisst i Uskedalen siste lørdagen i februar, lova eldsjelane som hargjort ein kjempeinnsats med førebuing og gjennomføring. Omtrent halvparten av dei 30 medlemmene var i aksjon og 3 av dei var i arbeid med prising av gjenstandar heilt til midnatt.





Uskedelingen Kjell Yri sikra seg ski frå 1960

Det er uråd å meine noko eksakt om kor mange gjenstandar som vart levert inn og prisa, men at det var fleire tusen er sikkert nok. Gjenstandane, minst 2000, var prega av høg kvalitet. Dei som vart til overs blir køyrt til Odda Produkter, som er ein attføringsbedrift.



[Uskedelingen Vidar Ersland sikra seg millionærspel](#)

Spennvidda var stor: Her kunne ein få alt frå sengar og sykklar til middagsservise og bøker. Og apropos middagsservise: Eitt servise for 12 personar frå Stavanger Flint var det høgast prisa under marknaden med 2.000 kroner.

På den meir kuriøse sida stoppar vi ved eit eksklusivt sjakksett med støypte figurar og med ei spesiell historie.

President Kjell Borge Olsen i Kvinnherad Lions kjøpte det i 1979 i Spania for 3.000 kroner. No selde han det på loppemarknaden for 400 kroner etter at det lenge har støva ned i ein garasje.

Ein av mange som gjorde eit spesielt kjøp var fjellfant og politiskar Kjell Yri. Han sikra seg framifrå fjellski – Gresvig frå 1960 med Kandaharbindingar!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen





Anne Marie Hamre frå Valen var ein av dei som stod for vaffelsalet.